

Den neste traktoren, ein Case modell D frå 1939, var eit langt meir takknemleg vølings-objekt. Både teknisk og karroserimessig var denne i svært god stand. Like fullt laut ventilane, tenningsystemet og radiatoren reparerast og alt anna gjerast heilt reint for rust. Dvs. at denne traktoren og laut underleggjast ei omfattande demontering.

Case-traktoren vart produsert av J. I. Case Threshing Machine Company, Racine, Wisconsin, USA. Firmaet har røter attende til 1842. Det vert framleis laga Case-traktorar. Museums-traktoren har den siste tida stått utstilt hjå den lokale forhandlaren, og kontrasten mellom denne og dei moderne ved sida av, er forvitneleg og overveldande.